

---

Vår referanse 2020/75580-12  
Dato 17.12.2020

---

SOLUND KOMMUNE  
Hardbakke 26  
6924 HARDBAKKE

## Arealdelen til kommuneplanen 2020 - 2030, Solund kommune. Fråsegn til offentlig ettersyn

Vi viser til brev datert 29.10.2020 om høyring av forslag til arealdel. Vi viser og til vår førespurnad om utett frist til 25.01.2020. Gjeldande arealdel vart vedteken i april 2010 og er utarbeidd etter gamal plan- og bygningslov. Føremålet med planarbeidet er difor å gjere endringar slik at arealdelen stettar gjeldande krav og standard for kommuneplan, og at ein får ein gjennomgang av arealbruken.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:  
[www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing](http://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing).

### Vurderingar

Vestland fylkeskommune vurderer kommuneplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i kommunale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstart og planprogram 22.01.2018. Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi) vart vedtatt i fylkestinget 29.09.2020. Planen set strategisk retning for utviklinga i fylket dei neste fire åra. Utviklingsplanen byggjer på berekraftmåla til FN og set fire hovudmål:

1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling. Under dette er det 3 strategiar:
3. Lokalsamfunn som ramme for kvardagsliv i heile Vestland.
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping.

Planframlegget er mest relevant i høve mål 1, 2 og 3 og då kanskje særleg strategiane:

- 1.2 Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
- 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.
- 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 3.1 Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

### Planfaglege merknader

- Konsekvensutgreiing (KU). Metode. Vi har nokre mindre merknader til den metodikken som er brukt. I kapittel 3 «Konfliktpotensiale arealbruk på land» er ulike tema lista opp og skildra. Slik vi forstår det er tema folkehelse og oppvekstvilkår for born og unge ein del av tema «Lokal utvikling» og at temaet vert vurdert samla for heile kommunen i kapittel 5. Vi finn temaet igjen her og i ei kort skildring i kapittel 4.3, men ikkje i kapittel 7 «Samanstilling av konsekvensar». I kapittel 5 er folkehelse knytt til støy frå akvakulturlokalitetar. Vi har ikkje merknader til at

folkehelse er ein del av ein større samlepost og som del av ei samla vurdering. Vi meiner likevel at temaet bør verte drøfta i større grad. Temaet bør få konsekvensar for arealbruken, for eksempel kvar ein legg til rette for bustader. Folkehelse og oppvekstvilkår for born og unge er sentralt i tema bulyst, og som vi vil tru også er sentralt for Solund kommune. Vi minner og om strategi 3.2 i vår utviklingsplan, som går på å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.

- I høve lesbarheit av konsekvensutgreiinga og kopling til plankartet og føresegner. KU er delt inn etter 4 geografiske delområde, og det er berre desse nemningane som står i matrisa. Det hadde gjort lesbarheita og koplinga mellom dei ulike dokumenta i planen om også stadnamna og ID i plankart hadde vorte ført inn her.
- KU kunne skildra tiltaka noko meir («Beskriving»). Slik det er no er det vanskeleg for ein lesar som ikkje kjenner situasjonen på staden å gjere seg opp eit bilete av kva som er tenkt utvikla på området.
- Kapittel 2.2.2 må ta med at utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi) er vedteken. Vi oppmodar til å også ta med ei kort skildring av plan og hovudmål med strategiar.

### **Klima**

Klimatilpassing har fått stor merksemd i planen, gjennom at det er ein del av temaet samfunns-tryggleik i konsekvensutgreiinga. Men den svarer i liten grad ut korleis kommunen tenkjer å leggje til rette for reduksjon av klimautslepp frå ulik verksemd i kommunen. Det er i § 1.8.4 Klima og energi sagt noko generelt om dette, men vi meiner krav til klimavenlege løysingar må utviklast og konkretiserast noko meir, også i paragrafane som konkret omhandlar dei enkelte føremålsområda.

I samfunnsdelen til Solund kommune står det i kapittel 4.11 Klimaomstilling som mål at «Berekraft i høve klima og miljø skal vere eit førande prinsipp for utvikling og vekst i Solund.» Det er i KU ikkje gjort ei konkret vurdering av utslepp og kva konsekvensar den planlagde arealbruken har for utslepp av klimagassar. Vår vurdering er at planen burde ha gått meir konkret inn i dette, og gjort ei vurdering av kva konsekvensar den planlagde arealbruken vil kunne få for utslepp av klimagassar. Dette er etter vår vurdering naudsynt om vi skal oppnå måla i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, i Utviklingsplan for Vestland, og i samfunnsdelen til kommunen. Vi vil oppmode kommunen til å i det vidare planarbeidet drøfte den konkrete arealbruken i lys av desse føringane.

Solund har mange spreidde bygdelag, og eit befolkningsgrunnlag som gjer at det vert vanskeleg å få til eit kollektivtilbod med tilfredsstillande frekvens. Mykje av klimautsleppa i Solund kjem og frå båttransport som kjem til, og går frå og gjennom kommunen, og som er vanskeleg for kommunen å gjere noko med. Sett i lys av at utviklingsplanen for Vestland legg stor vekt på at Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp, meiner vi likevel at planen i større grad bør vurdere korleis arealdelen kan vere eit verktøy for å nå dette målet.

Eit av punkta i kapittel 4.11 Klimaomstilling i samfunnsdelen til kommunen, under «Korleis», er at Solund skal ha tilgjengelege ladestasjonar som gjer det praktisk å nytte el-bil i heile kommunen. Vi vil oppmode til at de tek inn punkt i arealdelen som stimulerer til utsleppsreduksjon og tilrettelegging for bruk av nullutsleppsalternativ og energieffektivisering. For eksempel krav til ladepunkt for bilar og båtar.

### **Landskap og friluftsliv**

Ein av strategiane til hovudmåla i utviklingsplanen til Vestland fylkeskommune er at vi skal vere med å forvalte viktige natur-, landskaps og kulturverdiar, og der vekst skjer innanfor tålegrensa til naturen. Kommunen sjølv har gjennom samfunnsdelen sagt at kystlandskapet skal takast vare på og bli brukt på ein berekraftig måte. Vi har respekt for at kommunen må ta landskapet i bruk, men det er nokre enkeltområde vi vil peike på som vi meiner ikkje er i tråd med kommunen sine eigne føringar, eller utviklingsplanen for Vestland.

- Område B37 / LNFN1. LNF-spreidd næring. Vi er ueinige i konklusjonen i konsekvensutgreiinga (KU) om at tiltaket har liten negativ konsekvens. Bebyggelsen elles på øya er konsentrert rundt Buskøyvågen, og vendt vestover, og vi er kritiske til å leggje til rette for bygging her. Det negative har med plasseringa vekk frå dei andre bygningane, og avbøtande tiltak vil etter vår vurdering ikkje kunne ta vekk dei negative konsekvensane i stor nok grad.
- B5\_1 / LNFB35 og B13 / LNFB36 (ikkje vist i plankartet). LNF-spreidd for bustader. Området får verdien liten til middels negativ konsekvens for landskap og friluftsliv. Det er til saman lagt opp til 5 bustadhus i desse to områda. Vi meiner området ikkje er eigna til bustadbygging, både med tanke på lang veg til brannstasjon og i høve landskap. Ein del av vurderinga er at dei i liten grad bygger vidare på eksisterande busetnad.
- C15 / LNFB38. LNF-spreidd for bustader. Vi støttar vurderinga om å unngå å bygge på høgste kollen. Vi meiner arealet også bør avgrensast til den delen som ligg vest for den høgste kollen, og vendt vestover ned mot dei andre bygga her.
- C13\_2 / LNFB39. LNF-spreidd for bustader. Å opne for bygging av bustader på ein stad som dette meiner vi i liten grad stettar opp om føringane i den nyleg vedtekne samfunnsdelen, om at ein skal ta vare på og bruke mangfaldet i kystlandskapet på ein langsiktig og berekraftig måte, og at ein skal styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt. Tiltaket stettar opp om målet om å auke variasjonen av bustadtypar med tankane om klyngetun, men vi meiner ein bør finne andre meir eigna stader i nærleiken av eksisterande grender.
- D10 / LNFB12. LNF-spreidd hytter. Med bakgrunn i den allereie betydelege reserven av fritidsbustader både gjennom føremålsområde for fritidsbustader og andre område for LNF-spreidd, meiner vi det vil vere uheldig å opne for eit «frittliggande» felt som dette. Området omkransar eit gruntvassområde, og ei utbygging vil fort kunne føre til ønske om småbåthamn. Vi meiner verdsettinga i høve friluftsliv er for lav her.

### Arealrekneskap

Det er på side 13 i planomtalen sett opp ein rekneskap over areal til ulike byggjeføremål i gjeldande plan og i planutkastet. For føremålet fritidsbustader er arealet betydeleg redusert, for mange andre føremål har arealet auka noko. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar av dei enkelte områda i eksisterande plan, og om det er føremålstenleg å ta dei med vidare eller om ein burde ta dei ut. Vi meiner det bør vere ein like naturleg del av eit planarbeid som å vurdere å ta inn nye område.

Det er eit stort tal byggjeområde som er vidareført frå gjeldande plan. Plan- og bygningsloven seier at «Planleggingen skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetningar for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig.» For oss betyr det både at dei areala ein leggje til rette for bygging i skal kunne la seg gjennomføre, og at den mengd areal / einingar ein legg ut i plan skal vere tilpassa behovet. Dette er også i tråd med vår utviklingsplan der det står at «Vi skal ha ein kunnskapsbasert arealpolitikk som veg behovet for utvikling mot langsiktig forvaltning og vern av arts- og naturmangfald, landskaps,- og friluftsverdiar, jordbruksareal, kulturminneverdiar på land, under jorda og i vatn.»

Folketalet i Solund går ned, og vi har forståing for at det er viktig for kommunen at det er ledige attraktive tomter mange stader i kommunen, slik at folk som ønskjer å busetje seg kan finne seg attraktive tomter i dei grendene dei ønskjer å etablere seg. Den same tankegangen vil gjere seg gjeldande i høve også fritidsbustader og næringsområde. Det er viktig å trekkje til seg folk og stimulere til næringsetableringar, og då må det vere mogleg å finne seg tomter og areal som er eigna til det ein ønskjer å etablere.

Vår vurdering er likevel at det bør gjerast ein revisjon av byggeområde for bustader og fritidsbustader, både dei som er lagt ut som føremålsområde og LNF-spreidd. For ein slik gjennomgang bør kommunen ta utgangspunkt i nyleg vedteken samfunnsdel og dei konkrete måla som er sett der for kommunen sin arealbruk. Inkludert i vurderinga vil måtte vere kvar områda ligg i høve ulike tilbod. Til dømes småbåthamner, då vi veit ferdsel og friluftsliv med båt er svært viktig for folk i Solund.

### **Tettstad**

Vi viser til gjeldande [planføresegn for handel](#) for gamle Sogn og Fjordane. Føresegna har betydning for kvar ein kan etablere nytt bruksareal for handel. Kapittel 1.3 omhandlar lokalisering av handel. Her står det m.a. at: «Avgrensing av sentrumsområde skal vere fastsett i gjeldande plankart til kommuneplanen sin arealdel, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrense sentrumsområde i områdereguleringsplan som dekkjer heile sentrum.»

Hardbakke er i handelsføresegna definert som kommunesenter. Om kommunen ikkje har fastsett sentrumsavgrensing i kommuneplanen sin arealdel, eller områdereguleringsplan som dekkjer heile sentrum, vil det bety at den maksimale utstrekninga for sentrum vil vere 500 meter frå ytterkant til ytterkant. Vi meiner det vil vere føremålstenleg for Solund kommune å nytte planarbeidet til å definere avgrensing av sentrum.

### **Samferdsel**

Solund kommune er i stor grad prega av eit spreidd busetnadsmønster, der bilen spelar ei viktig rolle som framkomstmiddel. Dette vil også vere gjeldande i den nye arealdelen som i hovudsak er lik førre arealplan når det kjem til busetnad.

Det er i ny plan sett av noko mindre areal til bustad enn i tidlegare plan, desse områda er på Hardbakke. Ettersom Hardbakke er den største grunnkrinsen er dette å rekne som ei fortetting, noko som er positivt mellom anna for klima, miljø og trafikktryggleik. Ved fortetting i sentrum har ein høve til å legge til rette for gåing og sykling, framfor køyring.

Det vert lagt opp til fleire område for spreidd busetnad, frå førre plan er fem områder no utvida og det er sett av fire nye områder, der tre av desse er i områder der det ikkje er busetnad frå før. Det er i tillegg lagt vekt på ei vidareføring av føremålet kombinert føremål, bustad og spreidd fritidsbusetnad. Fleire av desse områda manglar veg. Vidare er det skildra at vegnettet har generell dårleg standard utan tilbod til gåande og syklende. Omfattande bruk av spreidd busetnad er utfordrande med tanke at det kan føre til mange nye avkøyrslar langs offentleg veg, behov for busstopp knytt til skuleskyss aukar, det vert lagt opp til meir køyring som igjen gjev dårlegare tilbod for mjuke trafikantar. Dei dårlege forholda ved vegnettet som kommunen sjølv peikar på vert ikkje betre av at det vert lagt opp til omfattande bruk av spreidd busetnad.

På bakgrunn av dette er det difor viktig at det i samband med spreidd busetnad vert stilt krav i reguleringsføresegnene at ein i hovudsak skal knyte seg til eksisterande avkøyrslar og kryss, og at desse skal vere opparbeidd i samsvar med handbok N100, før byggjearbeid tek til. Vidare må det for nye byggeområde, eller ved fortetting av eksisterande byggeområde, verte stilt krav om at siktsoner i kryss og avkøyrslar vert vist i plangrunnlaget. Ein bør også freiste å få til at ein legg opp til spreidd busetnad der det er høve å knyte seg til eit busstopp, og at vegen fram til busstoppa er trafikksikre.

Ut over dette ynskjer me å gjere merksam på at det i føresegnene kap. 5.2.3 Spreidd fritidsbebyggelse er to like punkt, b og d er same tekst, dette bør rettast opp.

### **Mobilitet**

Kommuneplanens arealdel skal følgje opp føringane som var lagt i samfunnsdelen. Solund har mellom anna vektlagt å styrke bukvalitetane i eksisterande grender og knutepunkt. Sjølv om bil vil vere sentralt som framkomstmiddel vil utvikling av eksisterande tettstader vere viktig i arbeidet

med å etablere trygge løysingar for mjuke trafikantar, samt tilgang til kollektivtilbod. Det er ressurskrevjande å etablere eit attraktivt busstilbod, samt trygge og effektive løysingar for dei som går og sykklar, når busettingsmønsteret er spreidd. Vi viser her til dei nasjonale måla som er nedfelt i Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som vart vedteken i 2014.

Solund kommune har 12 grunnkrinsar og over vel halvparten av befolkninga bur på Hardbakke.

Det vert vurdert å flytte ekspressbåtstopp til Hardbakke. Her vert det og lagt til rette for meir næringsareal og bustader. Det er positivt at kommunen satsar på områder som er tilknytt eksisterande samband og hovudvegnett i arbeidet med å sikre tettstadsutvikling og attraktive bu- og næringsområde.

### Akvakultur


Vestland fylkeskommune har ansvar for handsaming av søknader etter akvakulturlova; lokalitetsklarering og tildeling av løyve for andre artar enn laks og aure. Løyve etter akvakulturlova kan ikkje bli gitt om det er i strid med arealplan. Sjølv om søknad er i tråd med arealplan må søknad om akvakultur leggest ut til offentleg ettersyn og arealbruken skal bli vurdert etter plan- og bygningslova av kommunen. Vidare i sakshandsaminga vert påverknader på miljø, fiskehelse- og velferd for oppdrettsfisk og påverknader på villfisk, ferdsel, fiskeriinteresser og ferskvassressursar vurdert. Ein søknad om akvakulturverksemd treng positive løyve etter forureiningslova, matlova og hamne- og farvasslova samt vassressurslova der det er bruk av ferskvatn, før løyve etter akvakulturlova kan bli gitt.

I samband med planlegging etter plan- og bygningslova har vi plikt til å medverke for å ivareta statlege og regionale omsyn. Det er nasjonale forventningar til at det vert sett av areal til berekraftig vekst av akvakulturnæringa gjennom oppdaterte planar, som også ivaretek miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Vestland fylkeskommune har ansvaret for å fremje motsegn på vegne av havbruksinteressene, og ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling av akvakulturnæringa.

Arealdelen til Solund kommune samsvarer godt med samfunnsdelen der målet er å setje av nye sjøareal til berekraftig fiskeri- og havbruksnæring som nyttar det framtidige potensialet som ligg i lovverk og teknologi. Utgangspunktet til Solund kommune er at det skal leggest til rette for akvakultur, dette er også i samsvar med Lokal utviklingsstrategi.


Kommunen har tatt vekk 17 areal for akvakultur frå gjeldande arealplan, justert arealet for nokre eksisterande område, og lagt ut 4 nye område for akvakultur. I tillegg vert det opna for store område med fleirbruk inkludert akvakultur, som dekker store deler av sjøområda elles. I desse områda vert det lagt til rette for natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur (NFFFA), og det er tenkt at føresegner og retningslinjer skal styre korleis det skal takast omsyn til dei andre interessene innan fleirbruksområdet. Vi skriv meir om det lenger nede.

Kommentarar til 3 gjeldande akvakulturområde som bør endrast slik at det passar med anlegget:



Lokalitet 13205 Brattholmen- Fôrflåten ligg i dag litt utanfor avgrensinga i KPA.

Lokalitet 15403 Olderøy - anlegget ligg delvis utafor akvakulturområdet.



Lokalitet 10305 Sveneset - usikker på om anleggsklarering av tareanlegg ligg innanfor avgrensing?

Vi merker oss at kommunen i planprosessen har nytta multikriterieanalysen som fylkeskommunen har fått utarbeidd. Analysen syner konfliktpotensialet mellom akvakultur og andre interesser. Kommunen har bevisst styrt unna områder der det ikkje er mogeleg med sameksistens mellom akvakultur og andre interesser. Dette tykkjer vi er positivt. I tillegg har kommunen tatt djupneforhold inn i analysen for å finne dei best egna områda for matfiskproduksjon.

Kommunen legg i planen ut store område for fleirbruk NFFFA, natur, friluftsliv, fiske, ferdsel og akvakultur. Ut frå plankart, planomtale og føresegner går det ikkje tydeleg fram kor mange føremålsområde det er snakk om. I planomtalen har de delt sjøområda i 5 delområde, men desse er ikkje i samsvar med områda som ligg i plankartet. Områda er ikkje tenkt opna for produksjon av fisk, jf. andre kulepunkt i andre avsnitt under kapittel 4.4. i planomtalen. Dette kjem ikkje fram av føresegnene til planen, og bør takast med der. Ut frå plan- og bygningsloven §11-9 pkt. 7 kan ein gje føresegner for «hvilke artsgrupper eller arter av akvakultur som enkeltvis eller i kombinasjon kan etableres».

Vi forstår behovet for å leggje til rette for ny type akvakultur og ny teknologi som gjer det mogleg å nytte dei opne havområda til akvakultur. Og dette har etter vår vurdering støtte i utviklingsplanen og strategien om at Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap. Det er likevel planfaglege problemstillingar knytt til eit grep med å opne så store område for akvakultur, utan at det vert gjort ei reell avklaring av kva interesser som skal prioriterast i desse områda. Lokalitetsavklaring etter akvakulturlova gjer avvegingar mellom ulike interesser, men har ikkje same medverknad mot ålmenta som ein kommuneplan har.

Kommunen bør ikkje setje krav til søknad om dispensasjon for å få gjennomført tiltak som er i tråd med føremålet. Dispensasjonsregelen går fram av plan- og bygningsloven og er tenkt nytta unntaksvis i dei høva det er behov for å dispensere frå lov, forskrift eller plan, der det er søkt om eit tiltak som ikkje er i tråd med planen. Kommunen har elles gitt dei fleste føringane for NFFFA som retningslinjer. Slik vi forstår retningslinjene er desse tenkt nytta ved dispensasjonsbehandling av søknader om løyve til akvakultur i fleirbruksområde. Dersom det ikkje er aktuelt å søke dispensasjon for etablering av akvakulturanlegg, vil heller ikkje retningslinjene kome i bruk.

Kva føresegner som kan knytast til arealformålet er i tillegg fastsett uttømmmande i lova, jf. §§ 11-9 og 11-11. Etter § 11-9 nr. 1 kan kommunen t.d. krevje reguleringsplan.

### Vassmiljø

Omsynet til eksisterande og framtidige drikkevasskjelder må leggjast til grunn for lokalisering og planlegging av område for utbygging. I planomtalen står det at dei framtidige drikkevassførekomstane på Hardbakke er lokalisert innanfor avsett område til bustad- og fritidsbusetnad og friområde, og at dette får innverknad på utviklinga av felta. Vi har i utgangspunktet ikkje vesentlege kommentarar til at de legg opp til bygging i nedslagsfeltet til ei drikkevasskjelde. Men vi vil understreke at det er avgjerande viktig at de på dette plannivået veit med sikkerheit at det vil vere

mogleg å oppnå krava til drikkevasskjelder som er nedfelt i forskrift om vannforsyning og drikkevatt.

### **Kulturminne**

Vestland fylkeskommune gjev uttale som regional kulturminnemynde. Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som må takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Kulturarven vår er kjelde til kunnskap, trivsel, oppleving og verdiskaping for noverande og framtidige generasjonar. Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging.

Kommunane er gjennom ansvaret sitt for planlegging etter plan- og bygningslova (pbl.), viktige i forvaltninga av kulturminne og kulturmiljø. Vi viser til Meld. St. 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste– Kulturminnepolitikken og kommunane sitt ansvar for handsaming av kulturminne.

I plandokumentet er det vist til at heile Solund er vurdert som eit område med stor regional landskapsverdi. I føresegnene er det positivt at det er vektlagt at ved nye utbyggingstiltak skal kulturminne takast vare på. Ved nybygg skal tilpassing til staden sin karakter med omsyn til volum, materialval, fargar og bygningstypologi, vektleggast.

Det er vist til område med særskilt verdi, slik som Utvær, som eit viktig kulturlandkapsområde og som saman med Steinsund utgjer eit viktig typeområde for kulturmark. Like eins er det understreka verdien av havet og strandsona som stor betydning for Solund-samfunnet. Det er framheva at dei rike kulturressursane i Solund er knytt til kulturminne, kulturmiljø og kulturhistorisk landskap.

#### Automatisk freda kulturminne og kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid

Samanlikna med andre kommunar har Solund ein heller avgrensa mengde og typar automatisk freda kulturminne (fornminne). Folkesetnaden og utnyttinga av ressursane i øyriket må likevel ha vore større i førhistorisk og tidleg historisk tid enn kva dagens registrerte kulturminne frå stein-, bronse-, jarn- og mellomalder viser.

Det er potensiale for langt fleire automatisk freda kulturminne i Solund. Det er aller størst potensiale for funn i areal mellom 0 til ca. 30 moh og inne på dagens og tidlegare tiders dyrka mark. Det er også noko funnpotensiale i utmarksområde. Fiske og fangst har alltid vore viktig, frå steinalderen og til i dag, og spor etter verksemda vil vere i kystnære område. Funnpotensialet på dyrka mark har samanheng med gardar (korndyrking og husdyrhald) i dei siste 4000 åra.

Det er viktig at kunnskap om kulturminna er tilgjengeleg for folk i dag. Vidare må det unngåast at ikkje-registrerte kulturminne blir øydelagde ved dagens utbyggingar. Konsekvensutgreiinga for dei ulike tiltaks- og planområda tek for seg berre registrerte automatisk freda kulturminne. Potensialet for denne typen kulturminne i områda er dermed ikkje med i konsekvensvurderingane, og forholdet til automatisk freda kulturminne er ikkje tilstrekkeleg avklart i KU.

Det må takast større omsyn til at det i områda finst automatisk freda kulturminne som ikkje er registrert. Planar og tiltak må difor leggast fram for regional kulturminnemynde for uttale. Vi minner om at automatisk freda kulturminne og dei vedtaksfreda kulturminne er freda etter kulturminnelova og at dei er av nasjonal verdi.

#### Vedtaksfreda kulturminne

Vedtaksfreda kulturminne er freda med egne vedtak i medhald av kulturminnelova. I Solund gjeld det Råkeneset og bygningane knytt til Utvær fyr. Vi minner om at det er knytt egne fredingsvedtak til dei vedtaksfreda kulturminna.

#### Kulturminne frå nyare tid

Sjølv om intensjonen om å ta vare på kulturminne og viktige kulturmiljø er til stades, kan vi ikkje sjå at kommunen i denne planen har tatt tilstrekkeleg ansvar for å sikre kulturmiljø og bygningar og

kulturmiljø frå nyare tid (tida etter reformasjonen). Dette er ofte kulturminne av lokal og regional verdi.

Alle bygg er per definisjon kulturminne, og kommunen har ansvar for å ta vare på eit representativt utval av kulturarven. Det skal vere frå ulike epokar, sosiale lag, næringar og etter ulik byggeskikk og arkitektur. Lokalhistoria og dei fysiske minna bidreg til å gje staden særpreg og eigenart, med kvalitetar som gjer at eigarar og innbyggjarane kan være stolte og gje dei kjensle av fellesskap og identitet.

Arbeidet med Kulturminneplan for Solund ville her vere eit godt grunnlag og som viser vilje til å la kulturminne og kulturmiljø få spele ein viktigare rolle enn det som kan lesast i denne planen. Ein kulturminneplan er såleis viktig i høve kommunen si merksemd om eigne kulturminne og eit vesentleg grunnlag for ei god forvaltning av regionale og lokale kulturminne.

Det er registrert «Kulturmarkstypar og kulturlandskap» i Solund kommune i ein eigen rapport med totalt 15 ulike område. Områda er grundig registrert og skildra av fagfolk, og vil vere nyttig i arbeidet med kommuneplan. Område som kommunen meiner er viktig å ta vare på, kan sikrast med omsynssone i plankartet.

I konsekvensutgreiinga har kommunen teke omsyn til registrerte kulturminne frå nyare tid, i praksis dei som er registrert i SEFRAK-registeret. Det er her viktig å nemne at det kan finnast mange viktige kulturminne frå nyare tid som ikkje er registrert i SEFRAK, av ulike årsaker. Registreringa kan i fleire tilfelle vere mangelfull, på grunn av vanskeleg tilgjengelege område eller mangel på gode lokale informantar. Vidare er det i hovudsak bygg bygd før 1900 som finst i dette registeret. Det vil vere mange bygg oppført etter 1900 som det er verdt å ta vare på.

#### Planomtale

Kulturminne og kulturmiljø er ein viktig ressurs og grunnlag for oppleving, trivsel, identitet og verksemd, og temaet fortener å bli løfta fram i dokumenta til kommuneplanen. Dei er omtala under kap. 3 i Konsekvensutgreiinga. Vi vil i staden rå til at slik tekst inngår i planomtalen. Det same kan også gjelde andre viktige tema i kap. 3 når det gjeld samfunn og naturforhold.

#### Plankartet

Dei i dag kjende automatisk freda kulturminna er merka av på plankartet, og kulturminna er avmerka med omsynssone H730. Omliggande sikringssone, er merka med H570. Det vil her vere best å merka av både kulturminnet og sikringssona som H730 sidan sikringssona juridisk har same status som sjølve kulturminnet, jf. lov om kulturminne § 6. Vi vil rå til at dette må bli retta opp i det endelege planframlegget.

- Det er nokre fleire kulturminne som også må leggest inn med H730. Det er ID 15866 Utvær kyrkjestad, ID 84367 Lågøy kyrkjestad, begge er mellomalderkyrkjestader. I tillegg må mellomalderkyrkjestaden på Kyrkjeneset, Losna avmerkast.
- Dei vedtaksfreda kulturminna er også merka med H730. Rundt desse kulturminna meiner vi at det bør leggest omsynssone H570.
- I tilknytning til det freda kulturminnet Utvær fyr, er «fiskeværet» Utvær eit særskilt kulturminnemiljø. Det var eit samfunn som på det meste var busett av 2-300 menneske, knytt til fiske og der det naudsynte jordbruket framleis finst spor etter, på holmar og øyer. For å skape ein heilskap rundt det freda kulturminnet Utvær fyr, vil Vestland fylkeskommune rå til at det blir vurdert å legge omsynssone H570 rundt kulturmiljøet som omfattar det resterande bygningsmiljøet og kulturlandskapet og strandsona med holmar og sjøområdet i kring.



- Like eins er det viktig å sjå på området rundt den freda husmannsplassen Råkeneset, om det freda området med føremon kan utvidast med ei større omsynssone.
- Vidare vil vi rå til at kyrkjene blir merka med omsynssone H570. Det gjeld Husøy kyrkje, Hersvik kyrkjestad, Solund kyrkjestad.
- Vi vil rå til at viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap frå nyare tid i kommunen blir lagt inn i plankartet med omsynssone H570. Her burde det til dømes ligge inne dei kulturminna og kulturmiljøa som kommunen prioriterer i Kulturminneplan for Solund.
- Områda med omsynssone bør nummererast og inngå i tabell som gjev ei god synleg oversikt over dei.

#### Føresegner og retningslinjer

Dei generelle føresegnene i planen er viktige for å sikre omsynet til kulturminneverdiane, jf. pbl. § 11-9, nr.7. Vi må be om at det i generelle føresegner § 1.10. også blir sett inn:

- *c. Kulturminne og kulturmiljø skal vere ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast, og det skal visast korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom framlegg av plan og av tiltak til.*
- *d. Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på og verte sett i stand.*

Handsaming av planar og tiltak i forhold til kulturminne og kulturmiljø må også legkast inn føresegnene. Følgjande føresegn må legkast inn i §§ 2.1., 3.1.,4.1.,5.1., 6.1.:

- *Tiltak i område utanfor vedteken reguleringsplan eller for tiltak der det ikkje blir sett plankrav, må sendast Vestland fylkeskommune for uttale.*
- *Til § 6.1.: Tiltak i sjø må legkast fram for Bergen Sjøfartsmuseum for vurdering via Vestland fylkeskommune..*
- *Til § 7.3.2.: Følgjande tekst må inn under eigen bokstav: Omsynssonene omfattar automatisk freda kulturminne som er freda i medhald av lov om kulturminne. Det er ikkje tillate med tiltak eller inngrep som er eigna til å øydelegge, skade, dekke til eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet, mellombels eller permanent. Tiltak som kan ha indirekte eller direkte verknad på automatisk freda kulturminne skal handsamast av Vestland fylkeskommune som har dispensasjonsmynde.*

Retningslinjer som ikkje vedkjem freda kulturminne kan takast ut her.

#### Marine kulturminne

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet sitt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vatn og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marin arkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette mynde til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne råke kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens § 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/graving, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovas § 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Vi kan nemne at det er ei rekke vrak i Solund kommune som er automatiske verna etter § 14 i Kulturminnelova, det er også vrak som er frå nyare tid som kan ha konsekvens for miljø i seg sjølve eller ved ulike tiltak/planar. Ein bør vurderer om desse skal leggest inn som omsynssone H730 eller H570. Det er nokre av desse vraka som har ein posisjon som ikkje er bekrefta, dette kan vi vere behjelpelege med.

#### Kulturminnel

| D        | LokalitetID |  |
|----------|-------------|--|
| 89202-1  | 89202       | Knm. Uller automatisk freda  |
| 89278-1  | 89278       | Stanley automatisk freda   |
| 89280-1  | 89280       | Sif, automatisk freda  |
| 123820-1 | 123820      | Seilskute, trolig forlis rundt 1875, anker hevet, automatisk freda       |
| 135037-1 | 135037      | M/S Bandak automatisk freda  |
| 139975-1 | 139975      | Mercantil Carica, 1989 forlis, ikkje freda                               |
| 139976-1 | 139976      | Austri, forlis 1979, ikkje freda   |
| 140005-1 | 140005      | Cito, forlis 1941, 1 nm frå land rett ut for Krakhellesundet, aut. freda |
| 140066-1 | 140066      | Frankenwald, forlis 1940, ikkje freda                                    |
| 140070-1 | 140070      | Ferndale, 1925 bygget, forlis 1944, ikkje freda                          |
| 140072-1 | 140072      | Parat, forlis 1944, automatisk freda                                     |
| 140073-1 | 140073      | V 5525, forlis 1944, ikkje freda   |
| 140077-1 | 140077      | Eika II, forlis 1917, automatisk freda                                   |
| 140078-1 | 140078      | Foldin, forlis 1929, ikkje freda   |
| 140079-1 | 140079      | Havlyn, forlis 1949, automatisk freda                                    |

#### Oppsummering

Solund kommune har ei fin og interessant mengde kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. Vi vil peike på at omtalen av desse ressursane i kommunen bør få ein breiare plass i plandokumenta, spesielt i planomtalen. Vi vil også rå til at kommunen bør bruke verkemidla lagt til kommunen til å sikre viktige lokale og regionale kulturminne og kulturmiljø etter pbl.

Vi gjer merksam på at fylkeskommunen formelt sett ikkje seier seg einig i arealbruken i kommuneplanen. Reguleringsplanar og planar for tiltak må difor sendast på høyring til fylkeskommunen.

#### **Oppsummering**

Arealdelen til kommuneplan for Solund kommune er på høyring. Gjeldande arealdel for Solund kommune vart vedteken i 2010, og er ikkje lenger eit godt styringsverktøy for arealbruk.

Solund kommune har lagt fram ein oversiktleg og kunnskapsbasert plan, og vi vil gje ros til kommunen for eit omfattande og godt arbeid. Førre plan er frå 2010, noko som betyr at det både i høve lovar og retningsliner, og samfunnsutvikling har kome mykje nytt.

Når vi har gått gjennom planutkastet har vi tatt utgangspunkt i regionale føringar, inkludert utviklingsplanen. Tema vi har sett på og kommentert er mellom anna samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, landskap, friluftsliv, folkehelse, samferdsle, akvakultur og kulturminne.

Vi oppmodar til å ta kontakt med oss dersom de har spørsmål om regionale plantema i den vidare planprosessen.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar

Torbjørn Hasund  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Sakshandsamarar:

Berit Gjerland (automatisk freda kulturminne og kulturminne i sjø)

Berit Høyvik (nyare tids kulturminne)

Susanne Stølheim Aasen (samferdsle)

Gunhild Raddum (kollektiv)

Elisabeth Aune (akvakultur)

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland

Statens vegvesen